

Kulturpolitikk Kulturskulen



Kulturskulerektor Hans Willoch Bræin og Anders Aabø skulle gjerne sett fagre politiske ord omsett til handling for kulturskulen.
FOTO: CARINA JOHANSEN

– Kulturskulen manglar fiendar

➤ Kulturskulen har venner i alle politiske parti, men skulle gjerne hatt nokre motstandarar også.

STAVANGER

– Problemet vårt i gjennom 40 år har vore at me ikkje har motstandarar. Dermed slit me med å koma på den politiske dagsorden, seier Anders Aabø i Rogalands avdelinga av Norsk kulturskuleråd – som i desse dagar feirar 40 år.

– Alle politiske parti er veldig positive – ingen er mot kulturskulen. Problemet er at ingen får omsett orda til praktisk handling, seier Hans Willoch Bræin, rektor ved Stavanger kulturskole.

Kulturskulen er eit stort, ømt punkt i kulturpolitikken. Gjennom to kulturløft og åtte år har dei raudgrøne lova kulturskuleplass til alle som vil ha det – utan å lukkast. I staden er det blitt stadige medieoppslag om lengre køar og høgare prisar. Og då Enger-utvalet – som utgreia kulturpolitikken under dei raudgrøne – i mars la fram sin rapport, peika dei kulturskulen ut som ein av taparane i «den kulturelle grunnmuren».

– Det har vore mykje fokus på

tal. På elevar, ventelister og breidde i tilbodet. Men nå er det på tide å snakka meir om innhald og kvalitet, seier Aabø ved 40-årsmerket.

Innhald

For i staden for at kulturpolitikarane bare snakkar om kor mange som har tilgang på kor mange tilbod eller ei, vil altså dei to ha nasjonale forskrifter og standardar for innhaldet i kulturskulen.

– Det blir for tynt når det bare står at alle skal ha eitt eller anna tilbod, utan at det er definert kva innhaldet skal bestå i. Då blir det opp til den enkelte kulturskulerektor – og ganske særleg til den enkelte kommunes økonomi – kva tilbodet blir, seier Bræin, som både vil ha definert kva krav som skal stillast til den enkelte kulturskulen – og til elevane.

Breidde og topp

– Kulturskulen omset for mellom 1,5 – 2 mrd. offentlege kroner i året. Då må ein også sjå litt på effekten av dei pengane, seier Aabø.

Kulturskulen verkar på ulike nivå, frå breiddetilbodet til dei mange i kulturskuletimen på SFO, via individuell- eller gruppeundervisning i instrument, dans eller drama på ettermiddagar og kveldstid, til talentutvikling av dei som kan og vil gjera meir ut av det. Kulturskulen skal altså virka sosialt utjamnande, danande – og bidra til utdanninga av framtidens proffe musikarar.

Dermed åtvarar Bræin og Aabø sterkt mot å flytta ansvaret for kulturskulen frå Undervisningsdepartementet til Kulturdepartementet – slik Enger-utvalet foreslår.

Stortingsval

– Dette handlar om menneskesyn og kunnskapssyn. Kulturskulen skal vera ein del av kommunens undervisningsopplegg. Me vil ha estetisk kompetanse inn som grunnleggjande ferdigheit i skulen, seier Aabø.

– Me er redde tilbodet blir nedgradert frå «undervisning» til «fritidstilbod» om det hamnar under Kulturdepartementet, seier Bræin.

”Alle politiske parti er veldig positive – ingen er mot kulturskulen. Problemet er at ingen får omsett orda til praktisk handling.”

Hans Willoch Bræin, rektor ved Stavanger kulturskole

– Spelar det noko rolle for kulturskulen kven som vinn valet?

– Alle parti syns kulturskulen er kjekk og positiv. Det er same for meg kven som får makta – om dei bare gjennomfører det dei seier, svarer Bræin.

– Det gjer neppe dei store utslaga om det blir raudgrønt eller blått. Blir det raudgrønt, blir det sannsynlegvis statleg overstyring og innføring av kulturskuletimen. Blir det blåblått, kjem neppe den, svarer Aabø.

– Nå har dei raudgrøne prøvd i åtte år utan å nå måla for kulturskulen. Kvifor mislukkast dei?

– Fordi kommunane ikkje har ressursane som trengs til å utføra alle oppgåvene dei er pålagde. Så lenge det ikkje kjem øyremerka midlar til kulturskulen, er du ikkje garantert at kommunane bruker pengane på kulturskule, svarer Bræin.

– Og det er framleis kø, også i Stavanger?

– Ja, men bare på nokre av tilboda. Og hadde det ikkje vore kø – hadde tilbodet ikkje vore attraktivt – ja då hadde me definitivt spelt fallitt.

JAN ZAHL

jan.zahl@aftenbladet.no